

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/10132-1

Bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016 - 2019

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar i fylkestinget vert vald: _____

Vedlegg:

Bestilling til regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Retningslinjer for regionale forskingsfond. Fastsett av Kunnskapsdepartementet 23.10.2009.
Revidert 07.04.2013

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Ordninga med Regionale forskingsfond (RFF) vart vedteke av Stortinget som del av Forvaltningsreforma, og dei første 5 åra finansierte gjennom renter frå ei fondsavsetning på 6 milliardar kroner avsett i Statsbudsjettet for 2009. Frå 2015 vert ordninga finansierte gjennom ein ordinær post på Statsbudsjettet. Regionalt forskingsfond Vestlandet fekk i 2015 tildelt kr. 31.965.000.

Det er oppretta 7 regionale forskingsfond i Noreg. RFF Vestlandet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Ein kan lese meir om ordninga og alle dei regionale forskingsfonda på www.regionaleforskingsfond.no

Fylkestinga i fondsregionen nemner opp fondsstyre og vedtek i kvar valperiode den felles bestillinga som styret skal arbeide etter.

2. Føremål med bestillinga

Dei regionale forskingsfonda sin viktigaste funksjon, er å styrke forskingsevna i fylka gjennom regional forskning og innovasjon. Fonda skal gi støtte til prosjekt som er retta inn mot regionane sine prioriterte innsatsområder og mobilisere til auka FoU-innsats innanfor desse områda.

I tillegg skal fonda bidra til langsiktig og grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø innanfor desse satsingsområda, og slik stø opp under auka forskingskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige forskingsmiljø i alle fylke.

Dei regionale forskingsfonda kan gi til støtte FoU-prosjekt initiert av bedrifter og offentlege verksemder, inkludert universitet, høgskular og forskingsmiljø. Støtta kan gå til prosjekt lokalisert både i og utanfor fondsregionen sitt geografiske nedslagsfelt. På desse områda kan praksisen variera mellom regionane.

Deltakarfylkeskommunane skal delegere mynde til fondsstyret til å treffe vedtak om utlysning og tilskot til FoU-prosjekt i tråd med felles overordna bestillingsbrev.

Til grunn for bestillingsbrevet skal ligge fylka sin FoU-strategi, eller ein tilsvarende regional utviklingsstrategi, som til dømes regional planstrategi eller verdiskapingsplanen i Sogn og Fjordane.

Med utgangspunkt i bestillingsbrevet skal fondsstyret lage ein 2 til 4-årig handlingsplan. Det skal vera ein plan for prioritering av bruken av fondsmidlar med omsyn til tematikk, målgrupper og søknadstypar. Fylkeskommunane skal ha orientering om planen.

Fondsstyret skal definere både søknadstypar, fagområde, tema, målgrupper, prosjektperiode og tilgjengelege midlar for utlysinga innanfor dei rammer som er gitt i bestillinga og i retningslinjene. Fondstyret skal også vurdere tematikk og fagleg innretning i utlysingane.

Fondsstyret sitt hovudansvar, eller hovudmål, er å bruke tilgjengelege midlar så effektivt som mogleg i høve Kunnskapsdepartementet sine overordna mål med fondet, og fylkeskommunane sine regionalpolitiske mål i bestillinga.

For at fondsstyret skal kunne rapportere på måloppnåing og effektiv verkemiddelbruk, må fylkeskommunane sine målsetjingar i bestillinga vere definerte. Det same gjeld sjølvstilt for Kunnskapsdepartementet sine overordna mål. Fondsstyret har også ansvar for at utlysingane legg grunnlag for ei balansert prosjektportefølje i høve målsetjingane til fondet.

3. Om bestillinga

Arbeidet med ny bestilling har vore leia av ei styringsgruppe, sett saman av fylkesdirektør for næring eller tilsvarende frå dei tre fylka. Arbeidsgruppa har vore fylka sine representantar i sekretariatet for fondet.

Bestillinga er bygd opp rundt fire kapittel:

1. Bakgrunn
2. Vestnorske særtrekk og sentrale utfordringar
3. Regionale føringar for arbeidet med RFF Vestlandet
4. Ansvar for måloppnåing og rapportering

I [kapittel 1](#) (Bakgrunn) er det innleia med ei orientering til fondsstyret om sjølvne ordninga, saman med link til ei nettside med meir informasjon, mellom anna Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer for fondet. Her finn ein også ei oversikt over Kunnskapsdepartementet sine overordna mål med ordninga, saman med ei presisering av at desse også skal gjelde for RFF Vestlandet.

I [kapittel 2](#) (Vestnorske særtrekk og sentrale utfordringar) er vestnorske særtrekk, utfordringar og moglegheiter skildra for 5 samfunnsområde, som ei form for situasjonsanalyse, som grunnlag for å koma fram til prioriterte innsatsområde og prioriterte forskningstema i kapittel 3. Områda er:

- Oljeøkonomien og behovet for fleire bein å stå på
- Hav og energi – potensiale for nye koplingar mellom næringsområde
- Bioøkonomi – bygge vidare på tradisjonar innan fiskeri og landbruk
- Innovasjon i offentleg sektor
- Demografi, sentralisering og større etnisk mangfald

Ein fellesnemnar som går att i desse skildringane er eit ynskje om eit berekraftig vestlandssamfunn, med gode sosiale og kulturelle vilkår, verdiskaping og gode klima- og miljøforhold. I bestillinga finn vi følgjande «utfordringar» knytt til berekraft:

- berekraftig samfunn
- berekraftig klima og miljø
- berekraftig matproduksjon
- berekraftige løysingar basert på kompetanse frå hav-økonomien
- berekraftig bioøkonomi
- berekraftige kretsløp
- berekraftig ressursbruk
- berekraftig naturgitte råvarer

I kapittel 3 (Regionale føringar for arbeidet med RFF Vestlandet) står det at RFF Vestlandet skal arbeide for innovasjon, ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt, innanfor følgjande prioriterte innsatsområde:

- I. Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- II. Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- III. Gode klima- og miljøløysingar

At dette er prioriterte innsatsområde må tyde at ressursane i RFF Vestlandet utelukkande skal nyttast på desse områda. Det finst ingen definerte regionalpolitiske mål knytt til innsatsområda.

I kapittel 3 er det vidare ført opp fem prioriterte forskningstema. Dette er:

1. Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.
2. Sterke næringsmiljø på heile Vestlandet. Det skal også vere ei særleg merksemd på industrialisering og vidareforedling av råvarer.
3. Berekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi
4. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane
5. Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.

Med utgangspunkt i dei sentrale utfordringane for Vestlandet og dei prioriterte innsatsområda skal fondstyret lage utlysingar innanfor desse tema.

Hovudregelen er at brukarane skal stå som ansvarleg søkjar, men det kan opnast for at forskning- og utdanningsinstitusjonar også skal kunne søkje om midlar. Det er også ein hovudregel at det skal nyttast søknadstypane Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt og Regionale offentlege prosjekt (Hovudprosjekt).

I kapittel 4 (Ansvar for måloppnåing og rapportering) vert det vist til Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer, og at fylkestinget vert invitert til å gi supplerande føringar til bestillinga i samband med dei årlege rapportane.

4. Vurderingar og konsekvensar

Det er stor ulikskap i utfordringane også innan vestlandsregionen. Dette har gjort at mange av dei regionale særtrekka i Sogn og Fjordane ikkje kan komme like tydeleg fram som dei ville gjort om bestillinga var frå vårt fylke åleine. Fylkesrådmannen meiner likevel at vi kan få fram gode søknader innanfor alle våre prioriterte område.

Hittil har regionalt forskingsfond Vestlandet vore restriktive med å tillate søknader frå forskingsmiljø. Frå Sogn og Fjordane si side har det vore hevda at det kan vere viktigare å tillate dette i eit område med mindre nærings- og forskingsmiljø. Fylkesrådmannen meiner at bestillinga gir opning for gode prosjekt fremma frå våre forskingsinstitusjonar.

Bestillinga har ei god innleiing og ei god skildring av vestnorske utfordringar. Ein fellesnemnar for utfordringane er ønsket om eit berekraftig Vestland og omstilling frå mindre berekraftige aktivitetar og næringar.

Det er definert tre prioriterte innsatsområde, som fondsmidlane skal brukast på:

- I. Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- II. Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida

III. Gode klima- og miljøløysingar


Av bestillinga går det ikkje fram om det er tilstrekkeleg at eit prosjekt er innom berre eit av desse områda for å kunne få støtte, eller om eit prosjekt må ha fleire «treff». Sidan dei første punkta alltid har vore obligatoriske, og omstilling til eit berekraftig Vestland er ein fellesnemnar når det gjeld utfordringar, så går vi ut frå at innsatsområde «klima og miljø» også skal vera obligatorisk. Det er i så fall i tråd med innspelet frå Plan- og samfunnsavdelinga hos oss.

Kunnskapsdepartementet sine målsetjingar med dei regionale fonda gjeld alle fondsregionane. Skal det ha noko mening å gi fondsstyret i oppdrag å arbeide for å nå desse måla, må fondsstyret ha meir kunnskap om aktuelle mål og status for måla på Vestlandet.

Til liks med tidlegare bestillingar, så manglar denne bestillinga klart definerte regionalpolitiske målsetjingar frå fylkeskommunane. Dette vil føra til at utlysingane berre blir temarett. Søknadene vil i då i hovudsak bli vurderte etter karakterane frå fagpanelvurderingane hjå Forskningsrådet. Det er slik det har vore sidan 2010.

Vurderingskriteria til forskningsrådet er primært retta mot prosjektkvaliteten og nytteverdien for søkjar, og seier lite om eit prosjekt sin forventa effekt på regionale mål.

Fylkesrådmannen meiner at det er avgjerande for dei regionale forskingsfond si framtid, og for utvikling av fylka, at både fylkeskommunane og fondsstyret gjer alt dei kan for å oppnå alle dei måla det er forventa at fondet skal oppnå, og at det vert rapportert på desse måla, slik retningslinjene til fondet seier.



Figuren illustrerer Kunnskapsdepartementet sine forventningar til effektar av prosjektstøtte på mange mål. Eit prosjekt skal bidra til at søkjarane oppnår sine mål, anten desse kjem frå nærings-livet (1) eller offentleg sektor (2). Samstundes skal eit prosjekt bidra til at både fylkeskommunane (3) oppnår sine mål og Kunnskapsdepartementet (4) oppnår sine overordna mål.

5. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkeskommunane si bestilling til Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2016 til 2019 vert vedteken slik den ligg føre. Samstundes vil fylkesrådmannen oppfordre til at dei tre fylkeskommunane får på plass supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret kan ha målretta utlysingar retta mot både fylkeskommunane sine mål og Kunnskaps-

departementet sine overordna mål med fondet, og kunne rapportere på disse måla. Dette vil sikre at vi kan vise til effektiv virkemiddelbruk.